

## Rekordpåmelding, - og endå kan dei bli fleire!

18.04.2017



Nokre av løparane som skal vera med på Trio-stafetten under treninga tysdag.

**Det er framleis mest to veker til den tradisjonsrike Trio-stafetten vert arrangert for 51. gong. I år er stafetten lagt til 1.mai, og alt no er det klart at det vert rekordmange lag frå Uskedal idrettslag. Framleis kan fleire melda seg på, men no nærmar det seg fristen. Alle må vera påmeldt til neste tirsdag. Då er det siste finpuss og trening.**

Ein del av løparane hadde trening tirsdag, og då eg var nedom skulen like før treninga starta, kunne Cathrine Haugland i ski- og friidrettsgruppa fortelja om svært god påmelding.

- Det blir i alle fall 1-2 gutelag, 2 jentelag, 2 damelag, 1 mixlag, og 1 herrelag, og så vert det heilt sikkert lag i rekruttklassen som er for dei yngste mellom 6 og 9 år. Dette er veldig bra, men du må få med at dei framleis kan melda seg på, enten ved å skriva seg på facebook-sida til skigruppa eller ved å senda SMS til 95 77 35 34, sa entusiastene Cathrine til bladfyken før treninga starta.

Påmeldingane må gjerast i god tid før neste tirsdag for då er siste trening, og til den håpar dei å ha lagoppsetta klare. Å springa stafett er spesielt gøy så det er berre å håpa at endå fleire melder seg på.

Til helga startar også terrengløpskarusellen med Baroniløpet. Som vi tidlegare har skriva, kan ein melda seg på via UIL si heimeside [HER](#). Då dette tradisjonsrike løpet kom i gang igjen etter 21 års pause i fjor, var det ein strålende vårdag med ca.150 deltakarar. Det vert heilt sikkert mange frå Uskedalen i år også.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland